

Kommuneplanutvalet

Møteprotokoll

Møtedato:	02.06.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 14:00 - 18:10

Medlemer som møtte	Parti
Svein Otto Jacobsen	Fremskrittspartiet
Anne-Sissel Fjæreide	Høgre
Beate Bjelland	Høgre
Rikard Toft Ledang	Høgre
Bjarne Tjong	Industri- og næringspartiet
Kenneth Hjortland	Kristeleg folkeparti
Andreas Ormevik	Miljøpartiet Dei Grøne
Nils Bjarte Sæle	Raudt
Nina Glesnes	Sotralista-TVØ
Elizabeth Toft Erichsen	Venstre

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Anita Andrine Skjold Hellesø	Ap	Marianne Sandahl Bjørøy	Ap

Frå administrasjonen møtte:

Silje Haukedal

Lena Svalastog Garnes

Tonje Kyrkjeeide Åsebø

Lisbeth Selstø

Kristina Espeseth

Møteleiar	Svein Otto Jacobsen
Møtesekretær	Lisbeth A. Lyngbø

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
014/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
015/26	Referatsaker og orienteringar	
016/26	Møteplan 2027 - Kommuneplanutvalet	
017/26	Spørsmål	

014/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Kommuneplanutvalet 02.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommuneplanutvalet 02.06.2026 - saksnr. 014/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

015/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Kommuneplanutvalet 02.06.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

Orienteringar i møtet

- **Status på arbeidet v/Lena Svalastog Garnes**

- **Oppsummering frå regionalt planforum v/utvalsleiar Svein Otto Jacobsen og nestleiar Beate Bjelland**
 - Teams møte - Opplever at denne møteforma gir mindre utbytte enn fysiske møte.

- Samfertsel - Det vart opplyst at vegen til Koltveit og nordover har nådd maksimal tygde for trafikk. Mot slutten var det nemnt at det same gjaldt vegen sørover. Korleis skal vi då jobba vidare rundt dette.
- Naust - Det vart lagt fram at ein ikkje ønskjer private naust. Det er uklart om dette var ei personleg vurdering eller ei uttale frå Statsforvaltaren. Samstundes vart fellesanlegg, med tilrettelegging for næringsverksemd, framheva som ei løysing ein ønskjer.
- Utvalsleiaren registrerte at administrasjonen reagerte på enkelte forhold som vart tekne opp i tidlegare møte, og som ikkje samsvarte fullt ut med det som vart lagt fram i dette møtet.
- Byggegrenser til fylkesveg – kva løysing vi vel her. Det er fleire forhold som har betydning for kva ein vel, både for innbyggjarane og kommunen.
- Planvask – at vi her måtte vurdere om ein skulle føra vidare nokre av føresegnene som ligg i gjeldande planar.
- Tilbakemelding på at vi ikkje har teke for oss det som gjeld sjøområda. Det har samanheng med tidsplanen for å koma i mål med planen.
- Massehandtering – dei etterlyste at dette må koma tydelegare fram, og korleis ein skal handtera dette i kommunen vår.
- Skjellsanduttak – vi er ein av kommunen der det vert teke ut mest. Vi fekk ikkje inntrykk av om uttaket skulle aukast eller reduserast. Det vart sagt at det vil koma føresegn dersom dette ikkje vert teke med i planen. Det er ikkje kommunen som gir konsesjon, men fylket, så dette er uvisst.
- Landbruksområde – dei ønskte helst at ein ikkje legg opp til tippar og liknande. Samstundes ville ein leggja til rette for å byggja opp nytt jordbruksareal. Det er usikkert korleis ein skal gjera dette utan å leggja til massar.

Mange positive tilbakemeldingar på arbeidet administrasjonen legg ned, og på samarbeidet mellom administrasjon og politisk nivå. Det er eit godt arbeid som vert gjort.

Supplering frå administrasjonen.

- Det er mogleg dei vil be om utsetjing skriftleg når dei kjem med referatet sitt. Ved å varsle dei no, skal dei ha tid allereie no til å setja seg ned og arbeida med planen.

- **Status planvask reguleringsplanar v/Tonje Kyrkjeide Åsebø**

- Planvask - kva vert verknaden?

Gjennomgang av eit utval av føresegnene v/Tonje Kyrkjeide Åsebø

Plankrav

Bustad

Byggegrense

Parkering og MUA

Naust

Flytebrygge

LNF

- **Vidare prosess i KS og høyringsperiode**

Eventuelle presentasjonar vert lagt ved denne saka.

Det var ingen merknader til orienteringane.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommuneplanutvalet 02.06.2026 - saksnr. 015/26

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

016/26: Møteplan 2027 - Kommuneplanutvalet

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommuneplanutvalet vedtek desse møtedatoane for utvalet for 2027:

- 26.01.2027
- 09.03.2027
- 04.05.2027
- 09.06.2027

Kommuneplanutvalet 02.06.2026

Behandling i møtet

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag samrøystes vedteke

Vedtak i Kommuneplanutvalet 02.06.2026 - saksnr. 016/26

Kommuneplanutvalet vedtek desse møtedatoane for utvalet for 2027:

- 26.01.2027
- 09.03.2027
- 04.05.2027

- 09.06.2027

017/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Kommuneplanutvalet 02.06.2026

Behandling i møtet

Eventuelle spørsmål og svar vart presentert i møtet.

Vedtak i Kommuneplanutvalet 02.06.2026 - saksnr. 017/26

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.